

Felles programstyre for lektorutdanninga

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 4, 2025

Tidspunkt: 9. september, 2025, kl. 10.15 – 12.00

Møtestad: Lektorsenteret, Langes gate 20

Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Dag Roness (PF/PPU), Mona Langø (vara SV-samfunnsvitskap), Christian Sæle (HF-historie og religionsvitskap), Myriam Coco (HF-framandspråk), Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Matthias Stadler (NT), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Vibeke Tellmann (fagleg praksisleiar, observatør), Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

Meldt forfall: Kjetil Børhaug (SV) og studentrepresentantar frå STIL

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 12. juni

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt: Utveksling til Berkeley

Orienteringssaker

Sak 37/25 Opptakstall og rekruttering for 5LU og PPU

Det blei presentert oppdaterte studenttal på dei ulike programma etter oppmeldingsfristen 1. september. Her var det snakk om mindre endringar. Det vart også presentert korrigererte tal for PPU-studentar med bachelor og 2 års relevant arbeidserfaring som opptaksgrunnlag. Her var det korrekte talet éin student, dvs. at ordninga med det opptaksgrunnlaget har hatt låg effekt.

Med bakgrunn i dei dramatisk låge tala for realfag blei det stilt spørsmål om rekrutteringsgrunnlaget frå vgs, kor det også er færre som vel realfag. Programstyret ønskjer dialog med fylkeskommunen om moglege tiltak for å snu denne utviklinga. Det vart òg vist til moglege nasjonale tiltak.

Programstyret ønskjer også talmateriale om fråfall og gjennomføring i lektorutdanninga ved UiB.

Sak 38/25 Opptak til fag 2 i ny modell og med nytt fagtilbod

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 39/25 Studiestart i lektorutdanninga

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 40/25 Nye stillingar ved lektorsenteret

Lektorsenteret har tilsett to personar i 20 % fast stilling: Liv-Tove Haugseng frå Nordahl Grieg vgs. og Hilde Elise Lundervold frå Olsvikåsen vgs. Dei skal jobbe med kvalitet i praksis.

Sak 41/25 Nytt frå praksisutvalet

Det har ikkje vore møte i praksisutvalet sidan førre møte i felles programstyre.

Fagleg praksisleiar presenterer planar og prosjekt knytt til praksis:

- Gruppepraksis i ungdomsskulen (pilot på tre ungdomskular)
- Universitetsskulesamarbeidet og utvikling av nye avtalar
- Styrking av rettleiarkompetansen

Sak 42/25 Nasjonal lektorutdanningskonferanse 13.–14. november 2026

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 43/25 Rammeplanarbeidet: Svar frå Fagleg råd for lærarutdanning (FRLU)

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 44/25 Budsjettinnspel for 2026

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 45/25 Arendalsveka

Under Arendalsveka arrangerte UiB ein debatt om styringa av lektorutdanninga og kor Sigrunn Eliassen var ordstyrar. I panelet var Geir Røsvoll (leiar i Utdanningsforbundet), Sigrun Aasland (forsknings- og høgare utdanningsminister), Anne Aurora Ekeland Bjørkly (leiar for Lektorstudentene) og Endre Brunstad.

I motsetnad til tidlegare var det i år fleire debattar om lærarutdanninga, noko programstyret vurderer som positivt.

Drøftingssak

Sak 46/25 Høyringssak (KI og profesjonsutdanningar)

Innspel og kommentarar som kom fram i møtet:

Refleksjon og fagfellesskap:

Både studentar og tilsette treng å auke bevisstheita si rundt bruken av KI i utdanninga, bl.a. om kva som er fornuftig bruk og ikkje. Det bør leggjast til rette for at KI blir debattert og diskutert i fagmiljøa, og at samtalar om bruken av KI bør integrerast i undervisinga. På den bakgrunnen er det generelt viktig at studentane opplever seg som del av fagmiljø, og deltek i faglege fellesskap, og kjenner til dei fagspesifikke tilnærmingane til KI.

Vurdering:

- KI utfordrar måten universiteta driv vurdering på
- At skriveoppgåver viser ein prosess
- La studentar utvikle ein video som synleggjer noko konkret
- Ved skuleeksamen er det behov for ein plattform som ikkje har tilgang til KI
- Lage eksamensformer som gjer det vanskeleg å ta kjenne løysingar ved bruk av KI

Tydelegare retningslinjer:

- Ønske om tydelegare retningslinjer om bruk av KI ved UiB. Samtidig vart det vist til at det finst ein del retningslinjer, og at det er ein del ulike fagspesifikke behov.

- Ønske om meir informasjon om og tilgang til resursar for bruk av KI som støttar læring

Sak 47/25 Eventuelt

Utteksling til Berkeley

Dag Roness og Vibeke Tellmann har vore i møte med Trond Petersen og Liv Duesund frå Berkeley. Berkeley har nyleg utvikla ein praksisavtale med spesialpedagogikk på PF og ønskjer ein liknande avtale med lektorutdanninga. Ein utvekslingsavtale kan gjelde anten praksis, fag eller både praksis og fag.

Eit mogleg samarbeid må koordinerast mellom både praksis og fagmiljøa. I tillegg må ein undersøke moglege implikasjonar knytt til bl.a. skulepengar.

Felles programstyre tok saka til orientering.